

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. *Vinter*Fylke: *Telemark*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Kviteseid*Emne: *Lauving*Bygdelag: *Brunkberg*Oppskr. av: *Jørgen Heggboit*Gard: *Heggboit*(adresse): *Meås*G.nr. *103* Br.nr. *1*
Ette far Halvor Heggboit
og sleire.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Lauving.

SVAR

A. Lauv som ripas av tre:

1.
Lauving er nok bruka atende i tid så langt som dei veit å for-
delgjafom. Lauvet var rekna
for de beste og verdi fullaste
forslag, nest etter høy.

Stoko nevnde forandring
er ~~ikke~~ ikke med lauving
Denne måten som her vert nevnt
hev blive bruka i 1800 talet, og
kanskje leng atyvi au. De einaste
der at de vert bruka mindre no
en før, likeins som med dei andre
hjelpre forslag. Dei hev som fyr
nevnt meir dyrka mark, so dei får
meir høy. No lauvar dei helst på
mindre bruk, og der dei hev myki
smakrotor.

2.

Med lauving ventar ein til slatten
er ferdig, da byrgjar dei i lauve.
Det vert som regel fyrst i august,
og atyver i september.

Det er berre at ein ikkje dryggjer so
 lange, at frøstneitan kjim, daa
 drys lauvet lett når de tinar upp
 att. Askelav er mest utolukt for

Det er ikkje alle lauvslag kjyne
 likar, og særleg orlavur turka og
 bunde i kjervar. Difor tok dei
 å ripa orlavure og strøyde salt
 i og trakkade saman, det gjera då
 og var likt silofor. Venti leg er de
 det som dei kalla for „surlavur.“

Både osp, alm, raun, bjørk ^{silgjo} og ask er
 rekna for gode lauvslag, og blir
 nytta mest. Ospulavur rekna dei for
 å vera med dei beste lauvslag. 100 osp-
 lauvkjervar var jamgodt med 1 ski-
 pond høg, (160 kg).


De vanlege ontalan når dei skulle
 lauve var, „av å lauve“.

Dei avhøgne greinerne når lauve
 var hogge av kalla dei „lauvsnei“.
 Den veden kjøyrde fei heim og hogge
 upp, men fyrst skov dei borken for
 kjyne.

Den vanlege reidskap dei ha onder
 lauvving var oks og lauvkriv.
 Den såg slik ut:



Dei tok å brygde te seg mjuke
 greiner av bjørk silgjo o. a. som
 dei hogge av småkvistar det kalla

dei å "svigelause". Dei bruka mest berre å gjera de med händi. Men some kunne taka ei grein med ein avhoggen kvist, den krökte dei då kring den björki dei vilde byggja ned. Der sag ut slik: 

Dei bruka mindre å rjira lauv, og då var de helst orlauv som dei ströyddde salt i.

4.

Dei hogge ned lauvtre, når dei ikkje vilde ha dei standande. Det hövde at dei laut ha eit skåkpar (kjerrearmar) eller meiar til sledar. I dei tilfelle fann dei då ut or ørningstre, og so ha dei lauv og. Dei ha som regel standande gamle aske og alme-stumar. Jesse kylde dei 4-5 kvarår, på den måte kunne dei ha lauv av dei i mannsaldrar.

Men de gav mindre av lauv dette dei som ha myki krötur måtte bye te skogen. Der hogge dei ned, bost i kjervar som dei slo ei björke vid rundt, desse kjervane var sett i lauvstakk.

5.

Lauvet turka dei i kjervar men mindre på bakken. Det lauvet som dei raka upp der var for neste brukte te ströy. Der sei ikkje ha lauvstakk ar i darleiken av hus, var lauvet bore inn. Dei sette de på höytrev over fjose, eller rundt kring i höy-staen.

Det var godt at lauvet var skugge-
turka som dei sa då heldt de den
friske grøne fargen til dei fora de
supp. Lauvheijor brukta dei vist
ikkje større her, då det ikkje blir
nevnt. Dei tok gjerne vist varet
var fint og hengde kjirvan opp
i tre og på dei avhogne greiner, det
turka litt på for dei bar de inn.

Men det var for de meste i skogen dei
lauva då var lauvstakken vanleg.

Lauvstakken var laga lik ein høystakk.
Ei røte var sett i mitten og so var
kjirvane loa med toppen inn mot
stongi. Dei ha som regel berre
100 kjirv i stakken. Til slutt
la dei steinhellor oppå slik at
vinden ikkje fekk riva ned, og
vata ikkje trekke ned i stakken.
Dei kunne og baka og hengegrånbar
rondt. Var stakken godt sett so
var lauvet like grønt og fint når
dei tok det heim om velen.

At dei gjera og pressa lauvet saman
var vel de same som dei gjorde med
orelavv, strødde salt, og prakka te.

6.

Om velen kjøyde og drog dei det heim
på tremesledar, på same måten som høy.

7.

Lauvving gjeng føre seg både i inn
og utmark, mest i utmark.

Karane støffer ned og kartar av

men kvinnorne er med og bind kjørret.

8.

Lauvet vert som før fortalt lagt
uppi i lio hell fjostrev.

Det var særleg kjyne som fekk lauv,
og sjölosagt gjeit og sau. Flest av
dei og men det vart helst dei som fekk
høy. Det var gjeve lauv bade ein og
hoggongor om dag. Ein ganskeleg stor
kjørre var nokk for kjyri, sauerne
fekk etter som dei var mange se.

9.

Som nevnt før, er aske og ospelauv best.

10.

Dei ripa ongt lauv te grisen særleg
ask, det var blött og skött mjöl på

11.

Noko større med fellelauving var
ikkje drive her: Der de var mange
på garen var de gjerne so at dei
var alle med i lauvskog.

B.

Lauv som rakas saman på bakken.

1-2-3.

Som vanleg var dröslauvet hell
lauslauvet raka saman med ei
brevve. Det gikk godt an og fora med
dette lauvet, askelauv vist, dei ha
de i søysorne.

4.

Det va bore heim i sekkjer dröslauvet.

5. Dette og raka lauv var de særskild
kvinorne som dreiv med.

x

6. 17.

Dei lagde det i skålar og blanda det inn i andre forslag.

8. Det er særleg ask som kjyne liker godt.

9.

Før i tid rekna dei de neddøtte lauv for kjepesfor, no før tid sakar dei de saman til stroy i bingar for kalvar og grisar.

2771

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING